

## KOMMISJONSFORORDNING (EF) nr. 264/2000

2001/EØS/57/36

av 3. februar 2000

## om gjennomføring av rådsforordning (EF) nr. 2223/96 med omsyn til korttidsstatistikkar over offentlege finansar(\*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR –

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsforordning (EF) nr. 2223/96 av 25. juni 1996 om det europeiske nasjonal- og regionalregnskapssystem i Fellesskapet<sup>(1)</sup>, sist endra ved forordning (EF) nr. 448/98<sup>(2)</sup>, særleg artikkel 3 nr. 2, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I samsvar med artikkel 104 nr. 2 i traktaten skal Kommisjonen overvake utviklinga av budsjettssituasjonen.
- 2) Etter rådsforordning (EF) nr. 1466/97 av 7. juli 1997 om styrking av overvåkingen av budsjettposisjoner og av overvåkingen og samordningen av den økonomiske politikk<sup>(3)</sup> bør den framgangsmåten for multilateral overvaking som er fastsett i artikkel 99 nr. 3 og 4 i traktaten, utfyllast med eit system for tidleg varsling, slik at Rådet snøgt kan varsle ein medlemsstat om at han må gjere dei budsjettkorrigerande tiltaka som er naudsynte for å hindre eit altfor stort offentleg underskot.
- 3) I rapporten frå Økofin-rådet om statistiske krav i Den økonomiske og monetære unionen, som vart godkjend 18. januar 1999, vert det lagt særleg vekt på at det er naudsynt med felles og harmoniserte korttidsstatistikkar over offentlege finansar for medlemsstatane, særleg for dei som tek del i Den økonomiske og monetære unionen.
- 4) Reglane for nasjonalrekneskapane, særleg omgrepa i det europeiske nasjonalrekneskapssystemet (ENS 95), vert rekna som eit verkemiddel som skal sikre jamføring av og innsyn i data medlemsstatane imellom.
- 5) Innanfor ramma av ENS 95 bør det gradvis utarbeidast eit fullstendig sett med kvartalsrekneskapar for sektoren offentleg forvaltning, der det frå og med 2000 finst tilgjengeleg eit første sett med komponentar frå rekneskapen for den offentlege forvaltninga i samsvar med omgrepa i ENS 95.
- 6) Det bør leggjast størst vekt på komponentar som representerer pålitelege indikatorar på tendensar i utviklinga innanfor offentlege finansar, og som vanlegvis er tilgjengelege til rett tid.
- 7) Skattar, faktiske trygde- og pensjonspremiar og stønader vil som det første settet med komponentar gje eit tidleg

varsel om mogleg budsjettmessig risiko, og nyttige opplysningar om konjunktursvingingar.

- 8) Utvalet for penge-, finans- og betalingsbalansestatistikk, som vart oppnemnt ved rådsavgjerd 91/115/EØF<sup>(4)</sup>, endra ved avgjerd 96/174/EF<sup>(5)</sup>, er vorte rådspurt.
- 9) Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå Utvalet for det statistiske programmet, som vart oppnemnt ved avgjerd 89/382/EØF, Euratom<sup>(6)</sup> –

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

*Artikkel 1***Føremål**

Føremålet med denne forordninga er å fastsetje lista over og dei viktigaste kjenneteikna til dei kategoriane transaksjonar i ENS 95 som medlemsstatane kvart kvartal frå og med 2000 skal sende over med sikte på utarbeiding av eit sett med felles og harmoniserte korttidsstatistikkar over offentlege finansar.

*Artikkel 2***Kategoriar som det skal sendast over kvartalsvise data for**

Medlemsstatane skal sende over til Kommisjonen (Eurostat) kvartalsvise data om følgjande kategoriar inntekter og utgifter i sektoren for offentleg forvaltning, i samsvar med kodane i ENS 95:

Inntekter:

- skattar på produksjon og import (D.2),
- av desse: meirverdiavgift (D.211),
- skattar på inntekt, formue osv. (D.5),
- kapitalsskattar (D.91),
- faktiske trygde- og pensjonspremiar (D.611).

Utgifter:

- stønader utanom sosiale naturaloverføringar (D.62).

*Artikkel 3***Kjelder og metodar for utarbeiding av kvartalsvise data**

Kvartalsvise data for dei kategoriane som er nemnde i artikkel 2, skal utarbeidast etter følgjande reglar:

- 1) Kvartalsvise data skal byggje på direkte opplysningar som er tilgjengelege frå grunnleggjande kjelder, som t.d. offentlege rekneskapar eller administrative kjelder, som for kvar kategori representerer minst 90 % av den samla kategorien.

(\*) Denne fellesskapsrettsakta, kunngjerd i TEF L 29 av 4.2.2000, s. 4, er nemnd i avgjerd i EØS-komiteen nr. 24/2001 av 23. februar 2001 om endring av vedlegg XXI til EØS-avtala (Statistikk), sjå EØS-tillegget til Tidend for Dei Europeiske Fellesskapa nr. 22 av 26.4.2001, s. 21.

(1) TEF L 310 av 20.11.1996, s. 1.

(2) TEF L 58 av 27.2.1998, s. 1.

(3) TEF L 209 av 2.8.1997, s. 1.

(4) TEF L 59 av 6.3.1991, s. 19.

(5) TEF L 51 av 1.3.1996, s. 48.

(6) TEF L 181 av 28.6.1989, s. 47.

- 2) Direkte opplysningar skal om naudsynt utfyllast med justeringar med omsyn til dekkingsområde, og med justeringar med omsyn til omgrep, slik at det vert samsvar mellom dei kvartalsvise dataa og omgrepa i ENS 95.
- 3) Det skal vere samsvar mellom kvartalsvise data og tilsvarande årlege data.

#### Artikkel 4

##### Tidsplan for oversending av kvartalsvise data

1. Kvartalsvise data skal sendast over til Kommissjonen (Eurostat) seinast tre månader rekna frå utgangen av det kvartalet som dei gjeld for.
2. Eventuelle endringar i kvartalsvise data for tidlegare kvartal, skal sendast over på det same tidspunktet.
3. Dei første kvartalsvise dataa som vert sende over, skal gjelde for første kvartalet i 2000. Desse dataa skal sendast over seinast 30. juni 2000.

#### Artikkel 5

##### Oversending av tidsseriar

1. Medlemsstatane skal sende over til Kommissjonen (Eurostat) kvartalsvise data for dei kategoriane som er nemnde i artikkel 2, frå og med første kvartalet i 1991.
2. Tilbakegåande data skal utarbeidast i samsvar med dei kjeldene og metodane som er nemnde i artikkel 3 nr. 2 og 3.
3. Tilbakegåande data frå første kvartalet i 1998 til fjerde kvartalet i 1999 skal sendast over til Kommissjonen (Eurostat) seinast 31. desember 2000.
4. Tilbakegåande data frå første kvartalet i 1991 til fjerde kvartalet i 1997 skal sendast over til Kommissjonen (Eurostat) seinast 30. juni 2002.

#### Artikkel 6

##### Overgangsføresegner

1. Overgangsføresegner skal nyttast av medlemsstatar som ikkje er i stand til å sende over kvartalsvise data frå 2000 i samsvar med den tidsplanen som er nemnd i artikkel 4 nr. 1, og i samsvar med dei kjeldene og metodane som er nemnde i artikkel 3.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utferd i Brussel, 3. februar 2000.

2. Desse medlemsstatane skal sende over til Kommissjonen (Eurostat) dei «beste kvartalsvise overslaga» sine i samsvar med den tidsplanen som er nemnd i artikkel 4.
3. Dei skal samstundes opplyse om kva tiltak som må gjerast for å støtte samsvaret med dei kjeldene og metodane som er nemnde i artikkel 3.
4. Tidsrommet som overgangsføresegnene skal nyttast i, skal ikkje vare lenger enn tidsplanen som er oppført i vedlegget til denne forordninga.

#### Artikkel 7

##### Gjennomføring av forordninga

1. Medlemsstatane skal seinast i mars 2000 sende Kommissjonen (Eurostat) ei utgreiing om kva kjelder og metodar som er nytta til å utarbeide kvartalsvise data (første utgreiing).
  2. Samstundes som dei sender over data som er endra, skal medlemsstatane sende over til Kommissjonen (Eurostat) eventuelle endringar i den første utgreiinga om dei kjeldene og metodane som vert nytta til å utarbeide kvartalsvise data.
  3. Den første utgreiinga og eventuelle endringar av henne skal avtalast mellom kvar einskild medlemsstat og Kommissjonen (Eurostat).
  4. På grunnlag av dei utgreiingane som medlemsstatane har sendt inn, skal Kommissjonen (Eurostat) særleg granske om det 90 %-kriteriet som er fastsett i artikkel 3 nr. 1, vert stetta for det første kvartalsvise overslaget som gjeld kvar einskild av dei kategoriane som er nemnde i artikkel 2.
- Dersom ein medlemsstat ikkje er i stand til å støtte 90 %-kriteriet på grunn av nasjonale tilhøve, kan Kommissjonen (Eurostat) gjere eit særleg unntak for den medlemsstaten det gjeld.
5. Kommissjonen (Eurostat) skal gje Utvalet for det statistiske programmet og Utvalet for penge-, finans- og betalingsbalansestatistikk melding om dei kjeldene og metodane som kvar medlemsstat nyttar.

#### Artikkel 8

##### Iverksetjing

Denne forordninga tek til å gjelde 20. dagen etter at ho er kunngjort i *Tidend for Dei europeiske fællesskapa*.

For Kommissjonen

Pedro SOLBES MIRA

Medlem av Kommissjonen

## VEDLEGG

## Tidsplan for fastsetjing av fristen for bruk av overgangsføresegner

## Artikkel 6 nr. 4

Medlemsstat	Skattar på produksjon og import (D.2) Skattar på inntekt, formue osv. (D.5) Kapitalskattar (D.91)	Faktiske trygde- og pensjonspremiar (D.611)	Stønader utanom sosiale natural-overføringar (D.62)
Belgia	1. januar 2002	1. januar 2002	1. januar 2002
Danmark	1. januar 2002	1. januar 2002	1. januar 2002
Tyskland	1. januar 2002	1. januar 2002	1. januar 2002
Hellas	1. januar 2002	1. januar 2003	1. januar 2003
Spania	1. januar 2002	1. januar 2003	1. januar 2003
Frankrike	1. januar 2002	1. januar 2002	1. januar 2002
Irland	1. januar 2002	1. januar 2002	1. januar 2002
Italia	1. januar 2002	1. januar 2002	1. januar 2002
Luxembourg	1. januar 2002 (D.2) 1. januar 2003 (D.5) 1. januar 2003 (D.91)	1. januar 2003	1. januar 2003
Nederland	1. januar 2002	1. januar 2003	1. januar 2003
Austerrike	1. januar 2002	1. januar 2002	1. januar 2002
Portugal	1. januar 2002	1. januar 2002	1. januar 2002
Finland	1. januar 2002	1. januar 2002	1. januar 2002
Sverige	1. januar 2002	1. januar 2002	1. januar 2002
Det sameinte kongeriket	1. januar 2002	1. januar 2002	1. januar 2002